

November 2019
1.0 Budsjetteknisk

Budsjett teknisk	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Basisramme inkl. midlar til avskrivningar	130 661	128 161	2 500	1 294 072	1 291 572	2 500
ISF eigne pasientar		3 805	- 40	39 355	36 450	2 905
Gjestepasientar				612		612
Kvalitetsbasert finansiering		93	- 93	1 251	1 019	232
Øyremerka tilskot PHV	200	150	50	2 195	1 650	545
Andre øyremerka tilskot	1 697	1 697		18 675	18 664	11
Andre driftsinntekter	- 155		- 155	- 155		- 155
Sum driftsinntekter	136 168	133 906	2 262	1 356 005	1 349 355	6 650
Kjøp av offentlege helsetenester	15 929	17 929	- 2 000	97 597	100 602	- 3 005
Kjøp av private helsetenester	70	83	- 13	1 100	917	183
Fastløn	- 6 000	- 6 000		7 500	7 500	
Pensjonskostnad	1 183	1 183		13 017	13 017	
Avskrivningar	6 550	6 333	216	69 110	69 667	- 556
Andre driftskostnader	33	66	- 34	252	727	- 475
Sum driftskostnader	17 765	19 595	- 1 830	188 576	192 429	- 3 853
Driftsresultat	118 403	114 311	4 092	1 167 430	1 156 926	10 504
Finansinntekter	543	117	426	5 200	1 283	3 917
Finanskostnader	319	231	88	2 949	2 769	180
Finansresultat	224	- 115	338	2 251	- 1 486	3 737
Ordinært resultat	118 627	114 196	4 430	1 169 681	1 155 441	14 240

Resultatet for budsjetteknisk er i perioden 4,4 millionar betre enn budsjett. Basisramma er 2,5 millionar høgare enn budsjett. Dette er fordi styret i Helse Vest har vedteke å styrke basisramma til føretaka for å avhjelpe den økonomiske situasjonen. Kjøp av offentlege helsetenester er 2 millionar lågare enn budsjett. Dette er knytt til gjestepasientar, og ein ser at budsjettet for 2019 er noko høgare enn forventa kostnader.

Til no i år er resultatet 14,2 millionar betre enn budsjett. I tillegg til auka basisramme er inntekter knytt til eigne pasientar behandla i andre regionar er 2,9 millionar betre enn budsjett. På kostnadssida har Helse Førde hatt lågare kostnader knytt til gjestepasientar og avskrivningar, samt at netto finans er 3,7 millionar betre enn budsjett.

2.0 Stabsområde

ØKONOMI


Stabsområde	Denne periode			Til no i år		
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
Basisramme	10 660	10 660		116 975	116 975	
Andre øyremarka tilskot	599	513	87	3 260	5 638	- 2 378
Andre driftsinntekter	7 357	6 325	1 032	74 498	72 262	2 236
Sum driftsinntekter	18 616	17 497	1 119	194 732	194 875	- 142
Kjøp av offentlige helsetenester	- 67	111	- 178	1 835	1 222	614
Kjøp av private helsetenester		3	- 3	20	28	- 8
Varekostnad	2 004	1 581	423	17 736	17 448	288
Løn til fast tilsette	16 980	17 122	- 142	170 080	170 866	- 787
Overtid og ekstrahjelp	369	402	- 33	3 730	3 905	- 176
Pensjon inkl arbeidsgjevaravgift	3 296	3 296		35 943	35 943	
Offentlige tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 1 093	- 460	- 633	- 7 787	- 5 062	- 2 726
Anna løn	2 755	2 761	- 6	24 819	27 433	- 2 614
Andre driftskostnader	29 955	32 441	- 2 486	331 301	344 750	- 13 449
Sum driftskostnader	54 199	57 256	- 3 057	577 677	596 533	- 18 857
Driftsresultat	35 583	39 758	- 4 176	382 945	401 659	- 18 714

Stabsområde har eit positivt avvik mot budsjett på 4,2 millionar denne månaden. Pasienttransport hadde det største positive avviket med 1,5 millionar, dernest IKT med 1,0 million og lønsområde med 0,8 millionar.

Akkumulert


Akkumulert har stabsområde eit positivt avvik mot budsjett på 18,7 millionar. Driftsinntektene er 0,1 millionar lågare enn budsjett og driftskostnadene er 18,8 millionar lågare enn budsjett. Pasienttransport har eit positivt avvik på 12,5 millionar, og innan lønsområdet har vi forbrukt 6,3 millionar mindre enn planlagt.

PERSONELL Medarbeidarar:



Det er registrert 368 brutto månadsverk, som er ein meir enn i same periode i 2018. Netto månadsverk er 354. Dette er tre fleire enn for eitt år sidan.

Sjukefråvær:



Stabsområde hadde eit registrert sjukefråvær på 6,9 prosent i oktober, mot 5,7 prosent i same månad i 2018, auken utgjør 1,2 prosent. Vi har over tid hatt stort fokus på kor viktig systematisk oppfølging av sjukmelde er, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.